

# Referat Språkpolitisk utval ved Universitetet i Bergen (UiB)

Dato: 2. september 2022, kl. 10–12

Stad: Møterom 2, Muséplass 1

Til stades: Endre Brunstad, Rune Johan Krumsvik, Ingrid Marie Myklebust, Ann-Kristin Gujord, Ingeborg Revheim (digitalt, referent)

Fråvær: Anna Svingen-Austestad, Torbjørn Svendsen, Hans-Petter Isaksen

## 26/22 Godkjenning av referat og sakliste

Ingen merknader

## 27/22 Presentasjon av utvalet og mandatet

Gjennomgang ved Endre.

I mandatet står det at utvalet rapporterer til leiinga, vi forstår det som rektor.

Vår rolle er å komme med tilrådingar til leiinga.

## Drøftingssaker

### 28/22 Oppfølging av tema frå det avlyste seminaret: norskopplæring for internasjonalt tilsette og fagspråkutvikling

Idémyldring og diskusjon om korleis arbeide vidare med desse temaa, jf sak 20/22 i førre møte.

Diskusjon om utfordringa med å få gjennomslag.

Forslag:

- Innlegg på leiarsamlingar, t.d. fora for instituttleiarar. Sjekke relevante fora som finst på UiB i dag.
- Vitskapelege tidsskrift med base på UiB, tillate norsk og engelsk (slik som Norsk legetidsskrift)
- Frukostmøte med tema parallellspråk

### 29/22 Innspel til UiBs strategi

Fortsetting av sak 22/22. Sjå <https://www.uib.no/strategi> og [notatet «UiBs arbeid med strategi 2023–2030»](#), som er eit grunnlagsdokument for strategiprosessen. Språkpolitiske betraktningar:

- s. 18: " De siste årene har det vært en stor debatt om rekrutteringen til vitenskapelige stillinger ved norske læresteder, og hvor stor andel utenlandske ansatte institusjonen kan «tåle» før de går ut over formidling på norsk. Å rekruttere internasjonalt kan reise noen dilemmaer både med tanke på språkferdigheter, samfunnssikkerhet, og «systemkunnskap», og fagmiljøene må finne den rette balansen mellom andel norske og internasjonale forskere. Ansatte må kunne norsk for å undervise, og har (sic!) et godt tilbud om norskopplæring ved UiB."
- s. 37: I samarbeid med språkrådet har UiB utviklet et prosjekt for oppdatering av ordbøkene, og Norsk termbank har en viktig posisjon som garantist for at aktivt og levende fagspråk i Norge.

[Innspelsmøte 12. september](#) kl. 14 om strategiarbeidet med fokus på mangfald ved UiB. Endre stiller i salen.

## Orienteringssaker:

### 30/22 Aktuelle høyringar

- Høyring om forskrift til språklova: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing-forskrift-til-spraklova/id2917929/>. Hovudinnhaldet i høyringsnotatet er unntak frå språklovas verkeområde for visse statlege organ eller sjølvstendige rettssubjekt som er kontrollerte av staten.
- Høyring om ny universitets- og høgskulelov: <https://www.uib.no/demokrati/155449/h%C3%B8ring-grunnlag-ny-universitets-og-h%C3%B8yskulelov> (sjå pkt 7 Norsk som fagspråk i høyringsnotatet frå departementet)

### 31/22 Innlegg i Khrono

[Fire råd for å styrkje nynorsken ved UiB.](#) Lite respons i etterkant.

### 32/22 Spørsmål om nynorsk kurs

Tilsette bør gå til leiar og spørje om kurs, utvalet kan ev støtte at det er kurs tilgjengeleg. Endre kontaktar HR-avd. og ber om at det bør vere tilbod om fysiske kurs i nynorsk, i tillegg til digitale tilbod. Språkrådet tilbyr kurs.

### 33/22 Spørsmål frå Arqus-nettverk om å arrangere samling ved UiB

Nettverket har ei språkpolitisk gruppe og hadde mellom anna ein konferanse i fjor der Endre deltok. UiB går ut av nettverket i september og det blir ikkje aktuelt med ei samling.

### 34/22 Nettside for språkpolitisk utval

[Nettsida om språkpolitikk på UIB](#) er oppdatert med informasjon om utvalet og referat frå møter.

### 35/22 Eventuelt

- Nynorskfylket Vestland: Ingrid Marie fortsetter å representere UiB på møter.
- Utvalet ventar på beskjed frå universitetsleiinga om nytt medlem frå MN-fakultetet. Ønske om ha med nytt medlem på neste møte.